



ONARHEIM HANDEL AS
Onarheimsvegen 4

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Gunn Berit Sandnes Fosse	970 24 282	2021/1579-8		24.11.2021

Avklaringar internkontroll

Sals- og skjenkekontrollar som er gjennomført i Kvinnherad denne hausten syner at det ennå er nokre bedrifter som ikkje har fått på plass fullstendig system for internkontroll.

Alkoholforskrifta § 8-3 lyder:

Internkontrollen skal tilpassast bedrifta sitt omfang, eigenart, aktivitet og risikoforhold og ha det omfang som er naudsynt for å fylla krava i løyvet og aktuelt lov og regelverk. Dokumentasjonen skal til ei kvar tid vera oppdatert og tilgjengeleg for kontrollørane/kommunen.

Alkoholforskrifta § 10-3 tredje avsnitt fastset at det skal gjevast prikkar for «mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholoven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften».

I samråd med kontrollørane våre sender me difor no ut notat til hjelp med å få i orden god internkontroll, og me ber om at dette skjer snarleg dersom det ikkje alt er på plass.

Nyttig informasjon om dette ligg også på:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholoven>

Med helsing

Gunn Berit Sandnes Fosse
Leiar Administrasjon

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.